

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 68.

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Bjerkreim.

Emne: Bålbrenning.

Bygdelag: Övre bygda.

Oppskr. av: Jörgen Skjæveland

Gard:

(adresse): Vikeså.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Per P. Vikeså.

SVAR

Bålbrenning.

1. Det heiter bål, Jönsokbål.
2. Når ein dreg saman ved og set eld på, kallar vi det eit bål, anten det er stort eller lite. Elles kallar vi det eld når ein brenner i omnen, brenner bakkar. Stor eldloge kallar vi flamme, det flømmer fælt, eller det loga fælt.
- 4-7. Vi kjenner ikkje til noko bålbrenning jul og påske.
8. Vi kjenner bare til jonsok-brenning.
9. Då dei var på stölen, brände dei bål attmed stöls-hagen (lega) om nettene for å halda udyra borte, Men vi veit ikkje noko om at det var noko ovtru med dette bålet.
14. Dei brände jonsokbålet helst på same staden kvart år, oppå ein fjelltopp.
16. Dei brände ikkje bål på alle gardene. Men når vi var på ein fjelltopp og brände jonsok, kunne vi sjå mange bål på andre toppar i bygda og grannebygdene.
- 18-19. Det var ungdomen, gutar og gjenter, som samlast på fjelltoppen og brände. Gifte folk var ikkje

med. Borna hadde gjerne eit lite bål for seg sjölv på ein haug eller ein bergklatte.

20. No samlast gjerne born og unge ektefolk i sentrums-plassen og brenner små bål på ein åsrygg, attmed eit vatn eller liknande. Så et dei småkaker og brus. Andre stader i bygda er ikkje dei gifte med.

21. Frilynde ungdomslag reiser gjerne til grannebygda, til andre ungdomslag og brenner jonsok. Det har hendt at dei då har brent jonsok den næraste laurdag eller søndagskvelden om jonsokkvelden kom midt i veka. Det har og hendt ~~at~~ dei siste åra at kristelege ungdomslag har hatt fest på ein fjellklatte med religiøs tale og song attmed bålet. Så har dei med brus, kaffi og mat.

23-24. Bålet vart bygt opp av greiner, ris og lyng i ein stor dunge, mest som ein høystakk på laget.

25. Vi kjenner ikkje til at dei brende figurar.

33. Bålet skulle flamma mykje så andre på andre fjelltoppar skulle sjå det.

40. Det heitte jönsokbrenning, å brenna jönsok.

41. Dei eldre festa ikkje jonsok, men gjekk berre og la seg til kvelds medan ungdomen var ute og brende.

42. Ved midnatt då bålet var nedbrent, gjekk dei ned att. Så hadde med litt mat. Då dei kom ned att, dansa dei ei stund ved ein vegkross eller på ein låve.

45- Andre skikkar kjenner vi ikkje til.

49. Ein meiner bålbrenning bare er ein gamal skikk.

50. Det ser ut for at kring 1890 var det lite og inkje nålbrenning, serleg i nedre bygda. Kring 1915 var det meir. Då var det ungdomen i kvar krins som brende på kvar sin fjelltopp. Det siste har det minka med dei

store båla på fjelltoppane.

51. Grunnen til det er vel at ungdomen i bygdene ikring
slær seg saman til ein stor jonsokfest, brenner eitt
stort bål og har dans etter på, ute eller på ein låve
etter som det høver.

.....

*Den spørsmåla som ikkje er svara på, kjenner
me ikkje noko til.*